

# Ivar Berg: Namn som kulturelle symbol

---

Trykt i *riss* 2018 nr. 1, s. 72–80. Her i typografisk tilrettelagd versjon.

---

Ved å innføre navnet Nidaros nå knytter vi ikke vår tid sammen med den gamle sagatiden. Men vi reiser et monument over en tidbundet opfatning av vår gamle historie og av norsk språkhistorie. (Didrik Arup Seip i 1930, sitert i Lockertsen 2007: 39)

Desse orda fall i striden om namnet på byen *Trondheim* i mellomkrigstida og viser til fleire historiske omstende: For det første den langvarige fornorskinga av språket i etterkant av dansketida, for det andre kor stor vekt som vart lagt på mellomalderen («sagatiden») i etableringa av den norske nasjonen, og for det tredje kor viktige namn kan vera som kulturelle symbol. «A rose is a rose is a rose» går eit velkjent munnhell etter forfattaren Gertrude Stein, men namn er ikkje berre namn. Personnamn – særleg vårt eige – er i førestillingsverda vår tett knytte til namneberaren, og stadnamn – særleg på heimplassen – er uløyseleg knytte til staden. Og som Seip viste til i det innleiande sitatet, er namngjeving og val av skrivemåte born av si tid.

Etter at Noreg vart sjølvstendig for dryge 200 år sidan, byrja ein langvarig nasjonsbyggingsprosess. Språkhistoria er ein del av den ålmenne kulturhistoria, og i nasjonsbygginga spela både person- og stadnamn ei viktig rolle som symbol for det norske. Den symbolverdien namn har, er delvis knytt til den ljodlege forma, men etter som skrift har vorte stendig viktigare i samfunnet dei siste par hundreåra, har den skriftlege forma fått meir å seie. Det var ikkje før på 1800-talet at skrive- og lesekunne vart ålment utbreidd i samfunnet, og etter som folk vart meir vane med å sjå namnet sitt på prent og sjølv skrive det, vart skriftforma viktigare. Koplinga mellom skriftbilete og uttale vart tettare, og det har fått følgjer for uttalen av personnamn og i nokon mon også stadnamn.

## Stadnamna: Frå gamalnorsk til dansk til norsk

Av årsaker som det ikkje er rom for å gå inn på i all si breidd her, vart skriftspråket i Noreg dansk ikring år 1500. I 400 år var dansk det dominerande skriftspråket i landet, fram til to alternativ vart aktuelle i siste halvta av 1800-talet: eit landsmål bygt på (eit utval av) norske bygdemål og eit fornorska skriftspråk bygt på talemålet blant overklassen. Likevel var fleirtalssynet gjennom heile 1800-talet å halde fram med å skrive dansk som før.

Lenge før fornorskinga av skriftspråket vart aktuell politikk i stor mon, byrja arbeidet med stadnamna; dei fekk altså rolla som symbol for det norske medan skriftspråket framleis var det same som i Danmark. Gustav Indrebø skildra den langvarige fornorskinga av stadnamna i *Norsk namneverk* (1927), der det heiter i føreordet:

Denne boki skulde gjeva ei stutt yversyn yver korleis dei geografiske namni i vaart land gjekk yver ifraa aa vera skrivne paa norsk til aa verta skrivne paa dansk; dinæst yver korleis det hev vore arbeidt i dei siste snart hundrad aari paa aa føra namni tilbake til norsk. (Indrebø 1927: 5)

Legg merke til målforma Indrebø nytta – me skal koma attende til det. Men før me kjem til ideologien, skal me sjå litt på bakgrunnen. I hundreåra med dansk skriftspråk hadde mange stadnamn fått ei skriftleg form som var tilpassa dansk skrivemåte. Typiske døme er former som *-hjem* (norsk *-heim*), *-vig* (norsk *-vik*), skrivemåtar med monoftongane ‘ø’ for norsk ‘øy’ eller ‘au’ og ‘e’ for norsk ‘ei’, dansk felleskjønn for norsk hokjønn, t.d. *Øen* for *Øya/Øyi*, og så bortetter. I ord og former som lett kunne identifiserast med tilsvarende danske, var dette automatisk, t.d. slik at *åker*, som inngår i mange namn, vart skrive *ager*. Var orda meir ukjende, kunne omlaginga vera meir drastisk. Ofte gjeld det mislukka forsøk på å gjette ein etymologi, som når *Klæbu* (gno. *Kleppabú* til *kleppr* ‘haug’, namnet viser til småkupert landskap) på 1500-talet vart skrive *Kledebodernæ*. Kan skrivaren verkeleg ha hatt ‘kledebuene’ (‘garderobane’) i tankane, eller plukka han berre tilfeldige danske ord? Det veit me ikkje. Bygdenamnet *Snåsa*, av gamalnorsk *snøs* ‘bergknatt’, vart omtolka til *Sneaasen*, *Kviteseid* (gno. *Hvítiseið*) vart til *Hvidesøe*, *Aukra* til *Agerøe* (sisteleddet er slett ikkje *øy*) og så bortetter. Dette var altså situasjonen da Noreg vart sjølvstendig (i personalunion med Sverige) i 1814 og Grunnlova (4. november-versjonen) slo fast at lover og liknande skulle skrivast i «det norske Sprog».

Med det meinte dei nok den same dansken som dei før hadde skrive, tanken var helst å unngå at svensk vart administrasjonsspråk i Noreg. I 1830-åra kom den første offentlege diskusjonen om ein burde gjera noko med skriftspråket i landet, jamvel om det førebels ikkje skjedde så mykje. Men i samband med ein ny matrikkel kom spørsmålet om skrivemåten av stadnamn opp. Matrikkelen er ei liste over all grunneigedom i Noreg, og føremålet er naturlegvis at staten skal kunne fastsetje skattetaksten. I 1836 føreslo historikaren Ludvig Kristensen Daa (1809–77) norske skrivemåtar av stadnamna i matrikkelen (referat i Indrebø 1927: 25–31). Han hadde sjølv endra slektsnamnet sitt frå «Daae» til «Daa», ein meir talemålsnær skrivemåte. Dette forslaget vart følgt opp.

Stadnamna i matrikkelen vart reviderte av kaptein Gerhard Munthe (1795–1876), ein kartograf som kunne gamalnorsk og sjølv hadde studert skrivemåten av stadnamn i norske mellomalderkjelder. Han gjennomførte ein del fornorskingar slik Daa hadde føreslege (Indrebø 1927: 34–35): Mange stumme bokstavar vart tekne ut (t.d. *Opsahl* > *Opsal*, *Bøe* > *Bø*), ‘p, t, k’ vart sett i staden for ‘b, d, g’ (t.d. *Lysager* > *Lysaker*, *Wiig* > *Vik*), nokre diftongar kom inn, i ordet *tveit* og somstad elles (t.d. *Kleven* > *Kleiven*, *Frøslund* > *Frøysland*). Men mykje var inkonsekvent, særleg innføringa av diftongar, og det fanst hybridformer som *Steinehjem* (i Sogndal) med norsk diftong, men den danske forma *hjem*. Nokre skrivemåtar bygde på gamalnorsk, til dømes ‘th’ der gamalnorsk hadde ‘þ’.

Omsynet til historia var viktig i dette arbeidet. Etter kvart som forskarar byrja å arbeide med dei norske og islandske mellomalderkjeldene, vart det interessant å finne ut kvar dei omtala stadene låg i dag, og da måtte dei koplast til moderne talemålsformer. Eit storfelt bidrag til dette var *Historisk-geographisk Beskrivelse over Norge (Noregsveldi) i Middelalderen* (1849) av historikaren og filologen P. A. Munch (1810–63). Der gjekk han gjennom norske stadnamn i den norrøne bokheimen, freista å plassere namna geografisk og oppgav det moderne namnet. I mange tilfelle kunne den gamalnorske forma bidra til å forklare namna, altså etymologien, og samstundes kravde koplinga av ny og gamal form innsikt i korleis norsk hadde utvikla seg dei siste tusen åra. Denne innsikta auka

gjennom 1800-talet, med eit langt sprang i forståing da Ivar Aasen (1813–96) gav ut grammatikken og ordboka si i høvesvis 1848 og 1850.

I samband med det historiske arbeidet sitt føreslo Munch ei vidtgåande fornorsking av stadnamna, jamvel om han slett ikkje ønskte fornorsking av skriftspråket elles. Men stadnamna kunne tene som symbol på det norske, i skrivemåte så vel som uttale, og dei var kopla til det gamle i den grad dei var nedskrivne på gamalnorsk i mellomalderkjeldene. På 1850-talet var Munch kanskje den mest ruvande intellektuelle i Noreg og ein mann folk lydte til, slik at meiningane hans hadde mykje å seie.

## Personnamn og den nordiske namnerenessansen

Munch arbeidde òg med personnamn (sjå Kruken 2017). I arbeidet sitt hadde han vorte kjend med dei gamalnorske formene av namn som framleis var i bruk, og han føreslo å ta i bruk gamle skrivemåtar att. Motivasjonen var nasjonal:

Det er en bekjendt Sag, at der blandt de sædvanlige Kjendemerker, hvorfra man slutter sig til et Folks Nationalitet, neppe er noget mere betegnende end de blandt Folket selv brugelige Navne, saavel paa Personer, som paa Steder. (Kruken 2017: 22)

Slike tankar fekk tilslutning og førte til det som er kalla den nordiske namnerenessansen. Utanlandske motenamn vart i siste halvta av 1800-talet bytte ut med gamle norske namn, og skrivemåten av namna vart endra frå dansk til norsk, med den gamalnorske skrivemåten som rettesnor for den skiftande uttalen i dialektane. Til dømes vart *Gunder*, med talemålsformer som trøndsk /gʊnɑ/, no til *Gunnar*. Reint arkaiserande er *Geirr* med dobbel *r*, der den siste *r*-en var endinga i nominativ eintal. Enda eldre er *Hroar* (jf. vanlegare *Roar*). I ord som byrja på *hr-*, fall *h*-en tidleg bort i norsk – men ikkje i islandsk, så det er eit tidleg dialektkilje – og det eldste dømet er faktisk namnet *Roar* på ei runeinnskrift som blir tidfest til midt på 1000-talet.

Koplinga til gamalnorske former var nasjonalt motivert. I etterdønningane av nasjonalromantikken var det viktig å vera norsk, og skrivemåten av namna vart nasjonale symbol. Ivar Aasen var naturlegvis døypt «Iver», for ingen prest ville skrive noko anna i kyrkjeboka i 1813, men som vaksen skreiv han seg «Ivar». Nettopp uttrykksmåten «skrive seg» minner oss om ei tid da folk i større grad kunne bestemme korleis dei ville skrive namnet sitt utan omstendelege prosessar med Folkeregisteret.

Trass i denne fornorskingstendensen vart likevel mange namn skriftfeste i dansk form så lenge dansk var det dominerande skriftspråket. Alexander L. Kielland gjev eit godt bilete av dette i romanen *Arbeidsfolk* (1881: 38):

Da Sorenskriveren hørte Angjældendes Navn, sagde han: «Njædel? – hvad er det for et barbarisk Navn?»  
«Det er det samme som Nils,» indskjød Tofte, som altid var til Tjeneste;  
«oppe i Heiegaardene siger Folket Njædel for Nils.»<sup>1</sup>  
«Saa – jaaa! men nu er vi ikke i Heien, altsaa hedder Fyren Nils; hvad mere?»

1 Dette er ei feilslutning. Dialektforma *Njædel* er utvikla frå gamalnorsk *Njáll* (eit lånord frå irsk), som seinare er gjeninnført i norsk som *Njål*. *Nils* er derimot ei kortform av *Nikolaus*.

«Vatnemo» –  
«Vatnemo?» spurgte Sorenskriveren utaalmodigt.  
«I Amtskortet staar Vandmo –» inskjød Tofte.<sup>2</sup>  
«Ja naturligvis! – hvad er dette? Altsaa hedder han ret og slet Nils Vandmo. Vi skal ikke have Maalstræv i Protokollerne!» – ved disse Ord saa Dommeren strængt udover Folket og siden hen paa Amtmanden, der nikkede bifaldende.

I personnamna etablerte dei nye skrivemåtane – som altså i stor grad var *gamle* – seg raskt. I dag er det 107 *Gunder* i Noreg mot 12 929 *Gunnar*, og det kan godt vera at nokre av *Gunder*-ane er danske innflyttarar. Nokre leivningar finst, t.d. *Hågen*, som eigentleg er ei dansk form av *Håkon*. I dag er dette to ulike namn, for dei som heiter *Hågen* og ber det fram /ho:gen/, tenkjer neppe på det som ein ortografisk variant av *Håkon*. Ettersom folk vart meir vane med å sjå namnet sitt på prent og sjølve skrive det, vart koplinga mellom skriftbilete og uttale sterkare, og ein fekk såkalla leseuttale av namna. Dette har ført til at særprega dialektformer som /gupa/ av *Gunnar*, /hoko/ av *Håkon*, /ipber/ av *Ingeborg* og mange andre har gått ut av bruk, eller namn kan ha delt seg mellom to skrivemåtar med ulik uttale.

## Norske inndelingsnamn

Fornorskinga av stadnamna tok lenger tid enn personnamna, ikkje minst fordi det er så uendeleg mange av dei. På offisielle kart følgde skrivemåtane som hovudregel dansk rettskriving gjennom heile 1800-talet (Indrebø 1927: 116–128). I og med at kartarbeidet vart meir systematisk, vart også slike skrivemåtar meir gjennomførte enn før. Trass i det første opptaket ikring 1840 var det ikkje før heilt sist på 1800-talet at norske skrivemåtar vart gjennomførte i stor stil. Frå 1913 vart regelen at stadnamn skulle skrivast etter dialekten, normalisert etter landsmålsrettskrivinga. Ei artig følgje av denne regelen var at /kø:ʀabon:/ i Akershus, som hadde vore skrive *Kullebunden* på dansk, no fekk namnet *Kolbotn* etter landsmålsformene *kol* og *botn*. Korkje av dei to orda ligg spesielt nær uttalen; ein ortofon skrivemåte ville vore *Kølabønn*, men *køl* har aldri vore inne i rettskrivinga (*bønn* er innanfor på bokmål).

I 1900 vedtok Stortinget at administrative inndelingsnamn skulle få norske skrivemåtar eller bytast ut med «nasjonale namn». Det er altså ein tydeleg uttrykt nasjonal argumentasjon for namnearbeidet, og det er verdt å leggje merke til at vedtaket var formulert på landsmål, det «nasjonale» målet. Med reforma i 1907 braut også riksmålet med dansk, og det same brotet skulle gjennomførast i stadnamna. Frå 1. januar 1919 vart dei gamle amta til *fylke*, ein term som vart henta opp frå gamalnorsk. Mange av dei fekk nye namn, ofte gamle norske områdenamn som no fekk offisiell status. Til dømes vart *Nordre Bergenhus amt* til *Sogn og Fjordane fylke*, etter dei gamle områdenamna *Sogn* og *Fjordane* (Nordfjord og Sunnfjord). Gamalnorske inndelingsnamn vart gjeninnførte, som

---

2 Her er Kielland inspirert av gardsnamnet *Vatnemo(t)* i Hå på Jæren. Garden ligg ved *motet* 'der noko møtest' mellom *Nordra* og *Søra Krogavatnet*; andreleddet kan alternativt vera *mo* 'flate, slette'. Den ivrige sportsfiskaren Kielland fiska laks i Ognaelva i nærleiken og var godt kjend i området. Namnet hadde den danske skrivemåten *Vandmo* på «Amtskortet», altså kartet over Stavanger amt.

når *Stavanger amt* vart til *Rogaland* og *Kristians amt* til *Oppland* (jamvel om det gamalnorske *Upplønd* dekte eit mykje større område).

Det same skjedde med dei kyrkjelege inndelingane, der dei gamle *stifta* no vart *bispedøme*, likeins ei nemning som vart henta opp frå gamalnorsk. Her gjekk fornorskinga – eller arkaiseringa – enda lenger, for fleire gamalnorske namn vart gjenoppliva for bispedøma. Slik fekk me *Hålogaland*, *Nidaros*, *Bjørgvin* og *Borg* bispedøme, medan til dømes *Hammer* vart fornorska til *Hamar* etter den lokale uttalen. Og med det kjem me inn på ei gruppe namn der endringar førte til meir strid, nemleg bynamna.

## Striden om bynamna

Gjennom dansketida hadde mange byar fått ein dansk skrivemåte, og dei danske kongane sette direkte spor etter seg i namngjevinga av byar som *Kristiansand/ -sund*, *Fredrikshald*, *Kristiania* og *Fredriksvern*. *Kristiansand* vart vedteken grunnlagd av Kristian IV i 1641 og fekk namn etter han. Det vart føreslege å døype om byen til *Oteros* etter elva *Otra*, og tilsvarande *Glåmos* for *Fredrikstad*, men desse forslaga fekk aldri stor tilslutning (Indrebø 1927: 147). I tilfella *Fredrikshald* og *Fredriksvern* hadde kongsnamnet vorte lagt til eldre norske stadnamn, og det var problemfritt å fjerne dei att og få *Halden* og *Stavern*. I tilfella *Kristiania* og *Trondhjem* vart det meir omfattande strid.

*Christiania* vart sett som namn på byen i 1624, da han vart flytta etter ein bybrann; sist på 1800-talet tok skrivemåten *Kristiania* gradvis over. Oslo hadde levd vidare som namn på ein bydel, no Gamlebyen, så namnet var framleis kjent. Allereie P.A. Munch og Ivar Aasen hadde føreslege at byen skulle ta att det gamle namnet, og det vart vedteke av Stortinget med verknad frå 1925. Argumentasjonen var i hovudsak nasjonalistisk: «[D]et blei oppfatta som ein hån mot den sjølvstendige norske nasjonalstaten at hovudstaden hadde namn etter ein dansk einevaldskonge» (Wetås 2000: 201). Kommunestyret var imot namneskiftet, men trass i lokal motstand gjekk det nokolunde fredfullt for seg, og *Oslo* slo snart gjennom. Det vart større bølger da diskusjonen om bynamnet *Trondhjem* kom opp (grundig drøfta av Lockertsen 2007).

*Trondheim*, gamalnorsk *Þrónðheimr*, var opphavleg namn på området der trønderane held til. Her voks etter kvart ein kjøpstad fram ved osen til elva *Nið*, altså *Niðaróss*. Etter kvart vart områdenamnet *Þrónðheimr* overført på den sentrale byen, og i mellomalderen vart både *Nidaros* og *Trondheim* (med litt skiftande skrivemåtar) bruka som bynamn. *Nidaros* var mest bruka på latin, som var eit viktig skriftspråk i mellomalderen; også i hundreåra etter reformasjonen vart *Nidaros* sporadisk nytta (Lockertsen 2007: 215–222). Den lokale talemålsforma var truleg *Trannem* eller liknande på 16–1700-talet, for bynamnet er skrivi slik i nokre tekstar på dialekt frå den tida (Dalen & Hagland 1985: 14–15); same form er òg kjend frå nyare dialektar. Men den danske skriftforma var *Trondhjem*, og ho kom etter kvart inn i bymålet.

I den faglege debatten om namnet stod to sentrale språkforskarar mot kvarandre. Didrik Arup Seip (1884–1963) var professor i riksmål, seinare nordisk språkvitskap, ved Universitetet i Oslo. Han ønskte *Trondhjem*, men han aksepterte den nasjonale retorikken om at namnet måtte vera *norsk*. For å argumentere for *Trondhjem* måtte han difor vise at forma *-hjem* hadde oppstått i

norske talemål og ikkje var eit dansk lån. Han prøvde, men utgreiingane hans overtyder nok ingen i dag.

På hi sida stod Gustav Indrebø (1889–1942), frå 1930 professor i vestnorsk målføregransking ved Bergens Museum (som var ein forløpar til universitetet). Han var den fremste ideologen på landsmålssida i mellomkrigstida, der han stod for eit tradisjonelt språksyn med vekt på arven frå Ivar Aasen; jf. språkforma hans i sitatet ovanfor (sjå elles Venås 1984). For han var det eit mål å reinske all dansk ut av både stadnamn og språket elles og gjera landsmålet til «einaste riksmål i landet», som var slagordet til Noregs Mållag på den tida.

Framlegget om å ta att det gamle namnet *Nidaros* var ikkje populært lokalt, men vart likevel vedteke av Stortinget med verknad frå 1. januar 1930. Store protestar, som biletet illustrerer, førte likevel til at Stortinget attra seg, og frå 6. mars 1931 vart namnet kompromisset *Trondheim*. I Trondheim bymål lever likevel /tronjæm/ enno.

Om lag på same tid var det òg tale om å gjeninnføre det gamalnorske *Bjørgvin* som namn på Bergen (Venås 1984: 223–226). Da Indrebø vart tilsett som professor i Bergen i 1930, provoserte han bergensarane ved å kalle byen *Bjørgvin*. Dette namnet vart aldri meir enn eit forslag frå mållagskretsar, men bispedømet heiter framleis *Bjørgvin*. Den store fornorskinga, dels gjennom revidert skrivemåte, dels gjennom namnebyte, kulminerte på eit vis med striden om *Nidaros*-namnet. Grensa var nådd for kor langt ein kunne gå i å gjeninnføre gamalnorske namn. Mållaget og nasjonalistar ønskte *Nidaros* som eit monument over norskdomen (jf. sitatet av D. A. Seip innleiingsvis), men måtte nøye seg med den fornorska skrivemåten *Trondheim*.



Demonstrasjonstog 14. juni 1930.  
Bilete frå NTNU Universitetsbiblioteket.

## Epilog

Gjeninnføring av gamalnorske namn og skrivemåtar, både på folk (t.d. *Gunnar* og *Geirr*) og stader, var ein medviten fornorskingsspolitikk bygd på nasjonalistisk argumentasjon. Namna skulle markere nasjonalt sjølvstende ved språkleg avstand til Danmark. I denne samanhengen framstår striden om bynamnet *Nidaros* som eit toppunkt, men samstundes eit vendepunkt. Etter at *Nidaros* fall, har ikkje mange reint gamalnorske former vorte gjeninnførte, jamvel om nokre slike forslag har kome opp i samband med den pågåande regionreforma. Men arbeidet med å fornorske skrivemåtar frå dansketida fortset, og gamle skriftformer har vorte – og blir framleis – skifta ut med skrivemåtar som i større grad byggjer på lokal dialektuttale og etymologi. Etter eit langvarig utgreiingsarbeid vart ei eiga *Lov om stadnamn* vedteken i 1990. Der heiter det:

Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet [...] Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. (Lov om stadnamn, §§ 1 og 4).

Skrivemåtar med rot i dansk skriveskikk er stadig oppe til diskusjon, særleg gardsnamn. Mange gardsnamn er samstundes ættenamn, og eigarane vil gjerne at gards- og ættenamnet skal skrivast likeins, helst slik dei skriv etternamnet sitt. Dette strir ofte med den nedervde lokale uttalen og meiningsinnhaldet i namnet, og når gardsnamn får ein annan skrivemåte enn eigaren, kan det føre til opprivande strid (sjå t.d. Grov 2017). For namn er framleis mykje meir enn berre namn; dei har ein sterk symbolverdi og er tett knytte til identitet.

Namn spela ei viktig rolle som symbol på det norske i nasjonsbyggingsprosessen Noreg gjekk gjennom. Men no som nasjonen er ferdigbygd, veg andre omsyn enn dei nasjonale tyngre. Etter kvart som skrift har gjennomsyra samfunnet, har den skriftlege tradisjonen fått meir å seie enn korleis denne tradisjonen plasserer seg mellom norsk og dansk. Difor blir det stadig vanskelegare å gje stadnamn ein dialekt nær skrivemåte som strir mot skrivetradisjonen, og skriftformene påverkar samstundes den lokale uttalen. Da blir det ekstra viktig å ta vare på stadnamna som språklege kulturminne, for dei er ein viktig del av språket som må skjøttast med same fagkunnskap og varsemnd som all anna språkrøkt.

## Referansar

- Dalen, Arnold & Jan Ragnar Hagland. 1985. «*I det meest upolerede Bondesprog.*» *Tekster på trøndermål 1706–1856*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grov, Astrid Marie. 2017. Kampen om stedsnavnene. *Språknytt* 3/2016: 18–23.
- Indrebø, Gustav. 1927. *Norsk namneverk*. Oslo: Olaf Nordli.
- Kielland, Alexander L. 1881. *Arbeidsfolk*. København: Gyldendal.
- Kruken, Kristoffer. 2017. *Personnamnarbeid av P.A. Munch*. Oslo: Novus.
- Lockertsen, Roger. 2007. *Namnet på byen Trondheim*. Oslo: Novus.
- Venås, Kjell. 1984. *For Noreg og Ivar Aasen. Gustav Indrebø i arbeid og strid*. Oslo: Novus.
- Wetås, Åse. 2000. *Namneskiftet Kristiania–Oslo*. Oslo: Novus.